

Sang til bygda Fjørå

Kjærleikssong til bygda.

mel: Kjærleiksvisa Halvdan Sivertsen

Når sommarvinden leikar langs med landa,
eg kjenner det er godt å vere te'.
Ein båt glir sakte inn med Nerhusstranda,
det lir mot kveld og alt er berre fred.
Og fjorden ligg der blank og berre blundar,
og speglar fjella som ei bogebru...
Ingen er så fin som du, fjord,
ingen er så fin som du.

Når haustsola set brann i alle lier,
eg ruslar oppå heia på ein sti.
Frå Ruggå har eg syn til alle sider,
der skogen stend og skjelv mot lauvfallstid.
Det lyser raudt og gult i rogn og runnar,
og over himmel blå du knapt kan tru...
Ingen er så fin som du, hei,
ingen er så fin som du.

Visst kan ho vere hard nok vinterra,
når snøen kjem med vindtak ifrå nord.
Kaldt og mørkt det er mest heile tida,
og rennedriva stryk ut alle spor.
Men sola stig og gyller tind og toppar,
det glitrar kvitt i kvitt frå fjell mot flu...
Ingen er så fin som du, fjell,
ingen er så fin som du.

Så vaknar våren og det skjer eit under,
det grønkar i ein bakke og ein topp.
Og grova over berg og sva seg skundar,
og sol og varme tinar sjel og kropp.
Ein frukthage i bløming ned med sjøen,
og det er maikveld og eg og du....
Ingen er så fin som du, bygd,
ingen er så fin som du.

Så når sommarvinden leikar langs med landa,
eg kjenner det er godt å vere te'.
Ein båt glir sakte inn med Nerhusstranda,
det lir mot kveld og alt er berre fred.
Ei lita bygd der er det godt å leve,
eit paradís på jord der er mitt bu...
Ingen er så fin som du, bygd,
ingen er så fin som du.

Harald V.